



Haugen Vva AS  
Thor-Henrik Fredriksen  
Kanalveien 5  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7163 - 20/45374

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
09.07.2020

Dispensasjon og rammeløyve for etablering av ny  
hovudvassleidning - gbnr 108/161, 108/392, 108/474, 108/359  
Lindås

**Administrativt vedtak:** Saknr: 736/20  
**Tiltakshavar:** Alver kommune  
**Ansvarleg søkjar:** Haugen Vva AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

#### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå regulert byggegrense gjeve i reguleringsplan for Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad/planid.:1263-199001 for etablering av ny hovudvassleidning over eigedom gbnr. 108/161, 108/392, 108/474 og gbnr 108/359.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for etablering av ny hovdvasseleidning med tilhøyrande kummar slik som omsøkt. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som synt på situasjonsplan/teikningsnr GH01 datert 21.02.2020 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Dersom det ved arbeid vert avdekka kulturminne ved gjennomføring av tiltaket skal Vestland fylkeskommune få melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltningsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf. kulturminnelova § 8, andre ledd.
3. Det må opprettast dialog med Alver Kyrkjelege fellesråd og arbeid må tilpassast slik at det ikkje vert til hinder eller sjenanse ved ved gravplassen når det er gravferd.

Før det vert gjeve igangsettingsløyve skal det ligge føre:

Avklaring med Statens vegvesen i høve til om tiltaket krev eige løyve for inngrep i trase for den Trondhjemske postveg jf. kommunedelplan for Lindås 2019-2031 § 4.2.4 bokstav a.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.**

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om etablering av trasé for ny hovudvassleining frå Lindåshallen til Lindås gravplass. Traseen strekker seg over følgjande eigedomar gbnr 108/161, 108/392, 108/474 og 108/539 på Lindås.

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid og leidningsnett. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense langs det som i dag er fv 57.

Det vert elles vist til søknad motteken 17.03.2020.

Ansvarleg søkjar skildar tiltaket slik:

*«Tiltaket omfattar legging av ny ø200mm vassleidning mellom eksisterande leidningsnett frå Kolåsvegen, i terreng vest for Lindås gravplass, og til Veråsvegen, aust for Lindåshallen. Rørleidning vil krysse Fonnebostvegen ved eigedomen gnr./bnr. 108/433. Gjennom Lindåsvegen vil vassleidning trekkast gjennom eksisterande rør. Vidare leggjast leidning i sideareal langs Fv 57 Lindåsvegen, nordaust for jordvoll mot fotballbane på gnr./bnr. 108/474. Avstand til senterlinje fylkesveg vil vere minimum 8m. Fram til Veråsvegen leggjast rør i interne vegar og parkeringsplass til Lindåshallen. Eksisterande ø110m vassleidning på same strekk vil bli kopla ut.»*

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 17.03.2020 og frist for sakshandsaming er 12 veker frå denne dato, sakshandsamingsfrist er fryst den tid søknaden er på høyring.

### **Planstatus**

Tiltaket si utstrekning ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad/planid.: 1 263-1 99001 er avsett til utvidelse av grav og urnelund, vegareal, friområde og offentleg tenesteyting.

Tiltaket omfattar oppgradering av dagens vassleidning. Ny leidning vert lagt i grunnen og delvis trekt i eksisterande rør, jf. vedlagd skildring frå ansvarleg søkjar.

Det er søkt om dispensasjon frå regulert byggegrense mot veg synt på gjeldande plankart i høve det so i dag er Fv57 gjennom Lindås. Delar av den planlagde traseen går og langs det som i dag er gravplass i Lindås tettstad.

Tiltaka vil vere nedgrav og ikkje synleg etter at arbeid er avslutta.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå regulert byggegrense langs det som i dag er Fv 57.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

*«Ny vassleidning inngår i Alver kommune si plan for vassforsyning i kommune. Leidning vil ha stor betydning for å sikra tilfredsstillande og stabil vassforsyning til eigedomar på Lindås, sør for Lindåsvegen.*

Røyret skal erstatte dagens vassleidning til Veråsvegen. Denne leidningen har for liten dimensjon for å sikre vassforsyning og uttak av sløkkevatn til ny barnehage og bustadbygging.

Eksisterande vassleidning ligg i vegkant av fylkesvegen. Ny leidning vil bli lagt med ein større avstand og konflikt mellom vegbane og kommunal vassleidning vil bli unngått. Vi meiner at bygging av ny hovudvassleidning vil gi store fordelar innbyggjarar i Alver kommune med trygg vassforsyning. Desse vil vere større enn dei ulempe som tiltaket førar til i forhold til legging av vassleidning innanfor byggegrense langs fylkesveg.

#### KONSEKVENSER

Legging av vassleidning nærare senterlinje fylkesveg 57 Lindåsvegen enn 18m regulert byggegrense.»

#### Uttale frå anna styresmakt

Saka har vore sendt på høyring til regionale og lokale mynde høyringsfrist var 22.06.2020 Fylkesmannen i Vestland får vedtaket til klagevurdering, statens vegvesen og rørde grunneigarar får vedtaket til klage vurdering.

Det ligg føre slik uttale frå Den Norske kyrkje ved Bjørgvin Bispedømme datert 02.06.2020:

«Så langt me kan sjå, går vassledningen verken inn på gravplassen eller nær kyrkja, der det også ligg ein mellomaldergravplass. Slik sett skulle det ikkje vera grunn til nokon merknader frå bispedømerådet.  
Har de vore i kontakt med Alver kyrkjelege fellesråd? Vil det vera arbeid som kan vera til hinder for gravfølgje eller for arbeidet på gravplassen? Det bør i tilfelle gjerast ein avtale med fellesrådet, slik at ein t.d. ikkje driv med arbeid like ved gravplassen når det er gravferd.»

Det ligg føre slik uttale frå Vestland fylkeskommune ved INV forvaltning Bergensområdet datert 17.06.2020:

«Vestland fylkeskommune ved INV forvaltning Bergensområdet viser til brev mottatt 25.05.2020.  
Saka gjeld dispensasjon for å etablere ny hovudvassleidning på Lindås tettstad. Traseen går frå Lindås gravplass til Lindåshallen, langs fv. 5470 Fonnebustvegen, Fv. 57 Lindåsvegen og 5470 Veråsvegen.  
Arealet er regulert gjennom ein eldre reguleringsplan, Rv. 568 gjennom Lindås tettstad. Denne reguleringsplanen viser ei byggjegrense langs fylkesveg på 18 meter.  
Vi har ikkje merknader til at det vert gjeve dispensasjon frå den regulerte byggjegrensa.  
Vi minner om at det må søkjast om graveløyve for tiltaket, og vi føreset at detaljar i prosjektert løysing vert avklart der.»

Uttale vart vidare sendt til avdeling for samferdsle, veg, vatn og avløpforvaltning 06.07.2020, det ligg føre slik uttale datert 06.07.2020:

«Eksisterende gravplass skal utvidas, teknisk va har i heile prosjekteringsprosessen for ny vannledning, vert i kontakt med kyrkjeleg fellesråd. Etter avtale med fellesrådet, legg vi ny vannledning i traseen som er planlagt for ny veg på gravplass, det har og vert dialog mellom arkitekt for ny gravplass og prosjekterende for ny hovedvannledning, her er det gjort avtale om å etablere stikkledninger vatn for ny gravplass.»

Det ligg føre slik uttale frå avdeling Plan og analyse datert 26.06.2020:

«Plan og analyse har ingen merknad til at det vert gjeve dispensasjon til byggjegrænse langs veg som er fastsett i reguleringsplan. Vestland fylkeskommuner er vegmyndigheit og er rette instans for å handsame søknaden. Slik det går fram av søknaden vil tiltaket være nedgravd og ikkje synleg etter at arbeid er avslutta. For kryssing av omsynssone for den Trondhjemske postveg må det føreligge løyve frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen slik det går fram av føresegn 4.2.4 a) i KDP Lindås (2019-2031).»

For uttaler i heilskap vert det vist til dokument i saka.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo. Vedtaket vert oversendt heimelshavarar av eigedomane som vert rørd av tiltaket med klagerett.

#### **Plassering**

Tiltaket og traseen si utstrekning er synt på situasjonsplan/teikningsnr GH01 datert 21.02.2020.

#### **Vatn og avløp (VA)**

Ny vassleidning inngår i Alver kommune si plan for vassforsyning i kommune. Leidning vil ha stor betydning for å sikra tilfredsstillande og stabil vassforsyning til eigendomar på Lindås, sør for Lindåsvegen.

#### **Tilkomst, avkøyrsløp og parkering**

Ikkje relevant for tiltaket.

#### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser traseen si utstrekning, plassering av kummar.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

#### **Avfallsplan**

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Administrasjonen ved avdeling Plan og byggesak legg til grunn at tiltaket har sikra naudsynte privaterettar til å forestå tiltaket. Då dette ikkje er dokumentert i saka vert vedtaket sendt til rørde heimelshavar med klagerett.

#### **VURDERING:**

##### **Kulturminne og kulturmiljø**

Søknaden har vore sendt Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen til uttale.

Ved Lindås gravplass, gbnr 108/ kryssar trase for ny hovudvassleidning trase for Den Trondhjemske postveg.

I føresegna til KDP § 4.2.4 bokstav a står det følgjande:

*Heile det historiske veganlegget Den Trondhjemske postvei innanfor område H570 skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Tiltak som kan gjere skade på postvegen, endra vegen sin karakter eller som utilbørleg skjemmer kulturminnet er ikkje tillatt med mindre det ligg føre løyve frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.*

Det må seinast ved søknad om igangsettingsløyve ligge føre avklaring med Statens vegvesen i høve krysning av den Trondhjemske postveg. Dersom det viser seg at krysninga krev eige løyve frå Statens vegvesen må det ligge føre ved søknad om igangsetting. Kopi av vedtaket vert oversendt Statens vegvesen

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre.

Det er søkt om dispensasjon frå reguleringsplan for Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad/planid.:1263-199001 og regulert byggegrense langs det som i dag er Fv 57 i samband med etablering av ny hovudvassleidning.

Vegmynde, Vestland fylkeskommune har i si uttale datert 17.06.2020 ikkje merknad til omsøkt dispensasjon og tiltak, men minner om at det må søkjast om graveløve for tiltaket, jf uttale.

Søklar har i søknad grunngjeve dispensasjon med behov for oppgradering av dagens leidningstrase då denne har for liten dimensjon for å sikre vassforsyning og sløkkevatn til barnehage og bustadbygging. Tiltaket vil sikre trygg vassforsyning for innbyggjarar i kommunen. Ny leidning vert lagt med større avstand til veg enn dagens leidningstrasé ved kryssing av fv 57 vert leidning trekt i eksisterande før

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på søklar si vurdering, vidare er det vektlagt at vegmynde ikkje har merknad til at det vert dispensert frå regulert byggegrense for etablering av ny hovudvassleidning.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå regulert byggegrense langs det som i dag er fv57 er oppfylt. Ein finn at omsyna regulert byggegrense skal ivareta ikkje i vesentleg grad vert sett tilside som følgje av omøst tiltak. Vilkår for å gje dispensasjon er oppfylt.

### **Tekniske krav til byggverk**

Kommunen har vurdert søknaden om fråvik frå tekniske krav sett i byggteknisk forskrift TEK og legg ansvarleg søklar si vurdering til grunn. Kommunen finn at vilkåra for å fråvika tekniske krav til byggverk er oppfylt.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

## Privatrettslege tilhøve

Vedtaket vert sendt rørde grunneigarar med klagerett.

## Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

## Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Tiltaket ligg i nærleik til eit område der det er observert diverse trua fuglearter td fiskemåke, storspove, vipe og stær samt gresshoppesanger. Arbeid med tiltaket bør avgrensast til utanom hekkesesong. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarlast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

## Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/7163

### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Situasjonsplan - 19029-GH01  
19029-B02\_2  
Tegning/situasjonsplan - 19029-GH02  
Tegning/situasjonsplan - 19029-GH03  
Snitt - 19029-GH10\_A3  
Snitt - 19029-U01\_A3

### Kopi til:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver Kyrkjelege Fellesråd	Lonsvegen 1	5914	ISDALSTØ
Den Norske Kirke	Postboks 799 Sentrum	0106	OSLO
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Lindås Idrettslag	Veråsvegen 9	5955	LINDÅS
Lindås Tomteselskap AS	Hagellia 4	5914	ISDALSTØ
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER

### Mottakarar:

Haugen Vva AS	Kanalveien 5	5068	BERGEN
---------------	--------------	------	--------

